



Arkivnr: 2015/1714-2

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015

Kollektivmeldinga 2014

Samandrag

Kollektivmeldinga 2014 vart handsama i Samferdselsutvalet i møte 18.03.2015. I Fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 vart saka utsett med fylgjande grunngeving:

«Meldinga manglar samanliknbare tal for kostnader knytt til bybanedrifta. I grunnlaget for buss er investeringskostnadane inkludert, desse manglar for bybanen og må inngå når meldinga vert lagt fram for ny handsaming.

I oversyn over bompasseringar og ferjetrafikk må tal for el-bilar vere med.

Viser og til vedteke budsjett for 2015.»

Kollektivmeldinga 2014 er korrigerd i høve til dei opplysingar Fylkesutvalet har etterspurt og vert no lagt fram på nytt.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.05.2015

Kollektivmeldinga har vore lagt fram årleg sidan 2008, og er ei årsmelding for kollektivområdet. Meldinga inneheldt ei samla oversikt over drifta og dei viktigaste aktivitetane det siste året.

Føremålet med kollektivmeldinga er todelt. På den eine sida oppsummerer meldinga året som er gått og er såleis ei kjelde til kunnskap om dei ulike aktivitetane som er gjennomførte. På den andre sida skal meldinga peika framover ved å synleggjera kva område fylkeskommunen må prioritera i tida som kjem. Det er derfor ynskjeleg at kollektivmeldinga skal stimulera til debatt og auka politisk engasjement om kollektivområdet.

Ved handsaminga av Kollektivmeldinga 2013 sak 11/2014 fatta fylkestinget fylgjande vedtak:

1. *Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering.*
2. *Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyring, bestillingsruter osv.), og ber om at dette vert omtalt både til denne og i neste kollektivmelding.*
3. *Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.*

Drosjenæringa sin plass i kollektivtilbodet er omtalt særskilt i Kollektivmeldinga 2014. Når det gjeld bonus/malus har fylkesrådmannen vurdert det slik at talmaterialet er unnateke offentleggjering, og oversikt over dette er derfor ikkje tatt med i meldinga.

Kollektivmeldinga 2014 vart handsama i Samferdselsutvalet i møte 18.03.2015. I Fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 vart saka utsett med fylgjande grunngeving:

*«Meldinga manglar samanliknbare tal for kostnader knytt til bybanedrifta. I grunnlaget for buss er investeringskostnadane inkludert, desse manglar for bybanen og må inngå når meldinga vert lagt fram for ny handsaming.
I oversyn over bompasseringar og ferjetrafikk må tal for el-bilar vere med.
Viser og til vedteke budsjett for 2015.»*

Kollektivmeldinga 2014 er korrigert i høve til dei opplysingar Fylkesutvalet har etterspurt og vert no lagt fram på nytt.